

SKODJE KOMMUNE  
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING  
30.05.2016

Kopi til: Ordfører  
Rådmann  
Revisor

Medlemmane av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I SKODJE KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag 08.06.2016 kl. 16.30 på  
Skodje Rådhus**

**SAKLISTE:**

- Sak 17/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 28.04.2016
- « 18/16 - Drøfting av reglement for kontrollutvalet
- « 19/16 - Innkome brev, B-sak (Brevet er sendt ut tidlegare)
- « 20/16 - Oppfølging av vedtak i sak 16/16, rådmannen orienterer  
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [harald.rogne@sksiks.no](mailto:harald.rogne@sksiks.no).

Rolf Liebich  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
SKODJE KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 28.04.2016, kl. 16.00

Møtestad: Skodje rådhus

Møtet vart leia av Rolf Liebich.

Elles til stades: Janne Gommesen, Inge Øye, Pål Aarsæther  
Elise Marie Backlund Stavset og varamedlem Arnstein Sæthre hadde meldt forfall.

**= 4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Skodje kommune møtte ordførar Dag Olav Tennfjord, rådmann Bente Glomset Vikhagen og økonomisjef Lars Fylling i sakene 12/16, 13/16 og 14/16.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 12/16**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 08.03.2016**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 08.03.2016 blir godkjent.

**SAK 13/16**

**ÅRSMELDING 2015 – SKODJE KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 22.04.2016

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Skodje kommune til orientering.

## SAK 14/16

### KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – SKODJE KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 22.04.2016

#### **Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Skodje kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

## SAK 15/16

### REGLEMENT FOR KONTROLLUTVAL

Kommunestyret hadde fatta følgjande vedtak:

*Kommunestyret utset handsaming av saka og ber om at ad-hoc-gruppa tek initiativ til eit felles møte med kontrollutvalet for å drøfte utkastet til reglement. Målet er å skape god dialog og finne ei omforeint løysing til eit tenleg reglement.*

Utkast til reglement hadde blitt laga utan at kommunestyret sitt vedtak hadde blitt oppfylt og kontrollutvalet hadde ikkje blitt involvert. Kontrollutvalet vart verken formelt innkalla til møtet dette ad-hoc utvalget eller fekk tilsendt det bearbeidde reglementet i etterkant til handsaming i kontrollutvalget sitt møte. Som følgje av dette fekk ikkje kontrollutvalet behandle reglementet.

#### **Med utgangspunkt i ovannemnde fatta kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:**

1. Ad-hoc-gruppa sitt forslag til retningsliner for kontrollutval blir ikkje godkjent.
2. Kontrollutvalsekretariatet få i oppdrag til neste møte å legge fram eit forslag til reglement for kontrollutvalet.

Inge Øye ønska å få protokollert at sjølv om vedtaket var samrøystes, hadde han likevel innvendingar mot dette.

## SAK 16/16

### EVENTUELL GJENNOMGANG AV UTVALA SINE MØTEBØKER

#### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gi ei orientering om saksbehandlinga i sak 05/16 og tidlegare saker om same tema i det faste planutvalet i neste møte.

2. Rådmannen blir i neste møte bedt om å gi ei orientering om korleis kommunen følgjer opp resultatet av elevundersøkingane i skulen og spesielt ungdomsskulen.
3. Rådmannen blir i neste møte bedt om å gi ei orientering om kva tiltak som er sett inn for å redusere sjukefråværet i kommune.

Rolf Liebich  
leiar  
(sign.)

Janne Gommesen  
medlem  
(sign.)

Inge Øye  
medlem  
(sign)

Pål Aarsæther  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Dato: 01.06.2016

Kontrollutvalet i  
Skodje kommune

**SAK 18/16**  
**DRØFTING AV REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET**

Skodje kommune har hatt eit ad hoc-utval som har utarbeidd reglement for kontrollutvalet. Kommunestyret vedtok i sak 55/16 ad hoc-utvalet sitt framlegg til reglement. Kontrollutvalet har også hatt same tema på sin dagsorden. I kontrollutvalsmøte 28.04.2016, sak 15/16, fekk kontrollutvalssekretariatet i oppdrag å legge fram eit forslag til reglement for kontrollutvalet i neste møte. Forslag til reglement har blitt sendt medlemmane tidlegare.

Det blir lagt opp til ei drøfting av prosessen.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Dato: 01.06.2016

Kontrollutvalet i  
Skodje kommune

**SAK 20/16**  
**OPPFØLGING AV VEDTAK I SAK 16/16 - RÅDMANNEN ORIENTERER**

I sak 16/16 vart følgjande vedteke:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen gi ei orientering om saksbehandlinga i sak 05/16 og tidlegare saker om same tema i det faste planutvalet i neste møte.
2. Rådmannen blir i neste møte bedt om å gi ei orientering om korleis kommunen følgjer opp resultatet av elevundersøkingane i skulen og spesielt ungdomsskulen.
3. Rådmannen blir i neste møte bedt om å gi ei orientering om kva tiltak som er sett inn for å redusere sjukefråværet i kommune.

Rådmannen er invitert til møtet for å orientere kontrollutvalet.

Harald Rogne  
dagleg leiar